

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9.

Fylke: Nord-Trøndelag

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Otterøy

Emne: Lauving

Bygdelag: Hammes - Skomsvoll

Oppskr. av: Johs. Ekker

Gard: Engesvik

(adresse): Fosslandsosen

G.nr. 19 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

Ja

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

Lauving har ikkje vori føreteki her på gården. sia mine gutedagar, altså for 60 år sia, berre unntaksvis også i grenda. Når vi somme åra i gamal tid lauva, så var det slike år da vi fekk lite før ellest, fordi grasveksten av ein eller annan grunn slo feil. Noko erfaring andre stader frå har eg ikkje, men eg får fortelje korleis vi gjorde det, om det ikkje blir mykje til opplysning. Eg synest ellest minnast eg har svara på spørsmåla om lauving ein gong før.

1. Veit ikkje nokon som lauver no. Den tida lauving var brukt, var det berre for å skaffe hjelpefor i knapår. Veit ikkje det vart lauva under siste verdenskrigen. Siste svaret vil framgå av det som er sagt før.
2. Når vi lauva, gjorde vi det etter slåttonna. Ein tok da lauv av bjørk, selje og rogn, men mest av bjørk, avdi det her var mest av den. Arbeidet var kalla lauving.
3. Øks til å felle tree, ellest sigd, skjuru, eller ein lang kniv (t d. brott av ein ljå). Hørde snakk om rispelaug, men eg såg aldri at dei samla lauv ved risping. Eg trur meg viss på det har vori brukt, men var nok avlagt her før mi tid.
4. Ikkje kjent her i grenda, men eg har sett andre stader innan heradet slike gamle tjukke og ikkje svær høge seljestomnar som eg trur har vori hausta på denne måten. Ei kvinne frå ein slik gård vart i mine gutedagar gift på ein gård i nabolaget her. På denne gården fekk dei ein hausten ta lauv her på gården. Men dei lauva ansleis enn vi. Dei felte ikkje tree, men skar det yts-te av kvistane, ja tilmed av toppen. Desse tree står enno, men stansa i veksten, iser i høgda. Her gjekk det berre ut over bjørka, og ho hadde visst ikkje same evnen tol å tole ei slik handsaming som selja. Eg trur å ha høyrd at dei heldt desse seljestomnane for verdfulle.
5. Vi kongla lauvkvistane av med sigden eller kniven, let det bli breidd utover marka og liggje ei stund til turk. Vi turka det ikkje mykje, men kørde det så inn og lagra det der vi hadde rom, og det vart vel helst oppå høyet. Når ein laga kjerv, vart det gropare kvistar med lauvet. Kjerva sette ein opp på steinar eller tuver eller oppe i tree til turk, men dei stod heller ikkje lenge i turt ver før dei vart hatt inn. Kjerva telde dei i "trava", men eg hugsar ikkje om det var 20 eller 24 kjerv i ein "trava", eller eit anna tal. Det meire det er spurd om under dette punktet er ukjent for meg.

- 2
6. Vart frakta heim som anna før på heimejorda. Dei som hadde hest, kørde, andre bar. Dei som kørde, brukte den vanlige doring for førkøyring, nokon serskilde måtar og serskild reidskap for bering kjenner eg ikkje til her. Når det var kjerv, bar dei nok i taug på ryggen, når det var konglelauv, i sekkjer.. Ellest gjeld for dette punktet som for dei andre at det kan ha vori faste skikkar, som har vori gløymt alt i mine gutedagar. Kjenner ikkje til at det vart haldi dugnad for arbeid som hong saman med lauving.
  7. Her berre på innmarka eller i nærleiken av denne. Her er ikkje vesentlige utmarkstrekingar med lauvskog.
  8. Dogglaust eller litt turka i ei luftig sval eller oppå høyet der det var rom, og luftig. Helst småfeet, men også kyrne. Småfeet fekk helst av kjerva som vart sett opp i garden til dei, kyrne helst konglelauvet. Dei andre spørsmåla her veit eg ikkje noko å svara på.
  9. Eg minst eg hørde dei rekna olderlauv for best, men det skulle ha mest turk.
  10. Alm finst mest ikkje her no. Det treet vart nok utrydda i borkmjøltida. Men eg hørde snakk om at dei rispa lauv til grisen. I gamle dagar nytta dei sjølsagt allslags grønt til grisen.
  11. Desse tilhøva er no heilt ukjent her.
  12. Fell bort. og kvista
  13. Karane felte trea. Kvinnfolka kongla, men karane hjelpte også til med å kongle når dei vana på det. Barn med i alt arbeid da.
  14. Ask ikkje vill her.
  15. Fell bort.

B. Lauv som blir raka saman på bakken.

Nr. 1. til 9. Eg kjenner ikkje til noko av desse tilhøva eller har høyrd snakk om dei. Men eg tviler ikkje på at dei i gamle dagar gjorde seg nytte av nedfallslauvet. Det var slutt med dette før mi tid, og nokon tradisjon om det kjenner eg ikkje.

J. E.

1663

NORSK ETHNOLOGISK GRANSKING